

Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 Surnadal

22.10.2020

post@surnadal.kommune.no

Merknader – Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Kommunestyra i Surnadal og Sunndal har vedteke å leggja framlegg til kommunedelplan ut til høyring og offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova. Planen er fremma av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Framlegget til kommunedelplan byggjer på eit forprosjekt levert av Statens vegvesen i 2015, med tilråding om tunnel frå Ålvundfoss til Rakaneset og derifrå hengebru til Svinvika på nordsida av Todalsfjorden.

Arbeidet med kommunedelplan har pågått sidan 2016, i regi av fylkeskommunen. Vedtatt kommunedelplan vil kunne gje eit formelt grunnlag for å gå vidare med reguleringsplan for vegprosjektet.

Med dei løysingane som framlegget til kommunedelplan prioriterer, er det skissert at det vil gå tapt knapt 60 daa dyrka jord på Ålvundeid, Rakaneset på sørsida av Todalsfjorden og Svinvika på nordsida. Berørte areal er i hovudsak regulert som LNF-områder. I tillegg kjem midlertidig deponi-, lagringsareal og andre areal som må takast i bruk i anleggsperioden. Noko av dette vil vera dyrka areal og noko udyrka.

I prosessen fram til endeleg framlegg til kommunedelplan har andre framlegg til linjeføring og trasevalg, m.v. blitt vurdert. Planen nevner ein del av desse alternativa. Hovedargument for eksisterande framlegg er knytt til kostnader, geologiske forhold og tekniske krav til vegstandard og -utforming.

Slik vi oppfattar det har jordvern ikkje vore eit sentralt tema i arbeidet. I konsekvensanalysen kjem jordvern inn under temaet «naturressursar» under «Ikkje prissette konsekvensar». Konsekvensar for matproduksjon, arbeidsplassar, busetjing og beredskap er ikkje vurdert.

Når det gjeld detaljspørsmål knytt til utforming m.v., blir det vist til det komande reguleringsplanarbeidet.

Ut frå dette har vi følgjande merknader:

1)Vi meiner at det på Ålvundfjordsida må finnast løysingar som reduserer tapet av dyrka areal. Dette kan innebera at tunnel blir litt lengre, men det må også arbeidast vidare med andre tiltak som reduserer tapet av dyrka areal. Jfr pkt 3) og 4).

2)I nokre av utsnitta som er framstilt i planomtalen er vegfylling m.v. framstilt med grøn farge. Dette kan klart misforståast til å vera dyrka areal.

3)Det må veljast trasear og linjeføring der ein unngår høg fylling ut mot dyrka areal. Høg fylling tek mykje areal og fører ofte til problem knytt til t.d. drenering og tilkomst. Alternativ til fylling må kunne vurderast, t.d. mur eller halvbru. Dette bør vera aktuelt t.d. både ved tunnelinnslag på Ålvundeid og i Svinvika.

4)I kommunedelplanen må det leggjast til rette for at reguleringsplanen i neste omgang tek omsyn til at det skal drivast matproduksjon inn mot veganlegget: Dyrka areal må få best muleg arrondering, det må lagast tilstrekkeleg og gode nok tilførselsveggar, vatn må ledast på ein god måte i tilknytning til dyrka areal, m.v.

5)Verken Sunndal eller Surnadal har i utgangspunktet dyrka jord å miste. Statistikk knytt til søknader om produksjonstilskot i landbruket syner at jordbruksarealet i Sunndal er redusert med over 1.200 daa i løpet av dei siste 10 åra, mens det på tilsvarende grunnlag har vore ein auke på ca 1.000 daa i Surnadal. Dyrka jord er mangelvare i begge kommunar. Det bør vera eit klart samfunns mål å sikra at Todalsfjordprosjektet blir realisert utan å redusera naturressursen matjord.

6)Både i Sunndal og Surnadal har det dei seinare åra ifølge Statistisk sentralbyrå blitt omdisponert relativt lite dyrka og dyrkbar jord. Dette synest vi er bra. I samsvar med pkt 5) bør det difor vera eit samfunns mål å sikra at Todalsfjordprosjektet blir realisert i hovedsak utan omdisponering av dyrka jord.

7)Som det framgår av planomtalen ligg Todalsfjordprosjektet i eit typisk fjordlandskap med vekslende topografi og bratte fjellsider opp frå fjorden, der slakare parti i lavareliggjande områder gir grunnlag for landbruk, matproduksjon og busetjing. Det er slike slakare parti som no blir tenkt tatt i bruk til vegframføring. Topografien gir ikkje rom for å ta i bruk alternative areal til matproduksjon nær dei områda som er foreslått til vegframføring, slik at næringsgrunnlaget klart blir redusert, med flytting som muleg konsekvens. Det er difor viktig å sikra vegframføring og andre tiltak som gjer at dyrka jord ikkje går tapt i prosjektet.

8)Handtering av steinmassar vil kunne bli ei stor utfordring i prosjektet. Dyrka jord må ikkje brukast til lagring av stein.

9a)Det må sikrast god og heilskapleg handtering av matjord både i anleggsfasen, i samband med mellomlagring og ikkje minst for etterbruk av jorda. Jord som blir flytta må brukast til matproduksjon og ikkje blandast med anna jord eller andre massar som gjer at produksjonsevna blir dårlegare. Matjord skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål som t.d. grøntareal og vegskråningar.

9b)Handtering av matjord må gå fram av eigen plan knytt til reguleringsarbeidet og vurderast i forhold til Føresegner for kommunedelplanen. Plan må vera i samsvar med retningslinjer gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs» og godkjennast av landbruksansvarleg i kommunen.

9c)Det må sikrast og kontrollerast at entreprenørar og underentreprenørar følgjer plan nevnt i 9b) og krav til jordhandtering. Det må også klargjerast kva som blir følgjene dersom plan og krav til jordhandtering ikkje blir gjennomført. Også dette må forankrast i plan.

Våre merknader byggjer m.a. på følgjande:

- Stortinget vedtok i 2015 nasjonal jordvernstrategi, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

- I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.
- Fylkesmannen sitt «Forventningsbrev» til kommunane av 20.2.2020 viser m.a. særleg til kommunane sitt ansvar for oppfølging av nasjonal jordvernstrategi, jordlova og driveplikt, samt handtering av jordmassar.

For øvrig viser vi til vårt brev av 15.4.2020.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen